


Lokal handlingsrettleiar for barn i risiko

**Frå bekymring
til handling**



Sør-Fron kommune 2015



Innhold

Det viktigaste først: eg er uroleg, kva gjer eg?.....	3
1. Innleiing	3
2. Bekymring og mistanke om omsorgssvikt.....	5
3. Frå bekymring til handling.....	7
Kva er barnets beste?.....	7
Behov for tverrfaglig vurdering av barnet.....	8
Bekymringa er så alvorleg at barnevernet må bli kontakta.	8
4. Den nødvendige samtala.....	9
Forarbeid	9
Innleiane fase	9
Ver barnets stemme	9
Gje plass til foreldra/ føresette sitt perspektiv	10
Avtale om vidare oppfølging	10
Oppsummering.....	10
Etter samtala	10
5. Foreldre/ føresette med rusproblem	12
6. Melding til barnevernstenesta	13
7. Utveksling av opplysningar og samarbeid mellom barnehage og barnevernstenesta	15
Formidling av opplysningar	15
Forvaltningsloven	15
Lov om barneverntjenester	15
Samarbeid.....	17
8. Kva seier lovverket om opplysning og meldeplikt?.....	18
Lov om barnehager	18
Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).....	18
Lov om barneverntjenester	19
9. Situasjonar som kan oppstå i barnehagen og skulen	19
Når rusa foreldre/føresette kjem for å hente barnet	19
Foreldre/føresette som ønskjer samtale med ein gong.....	20
Når tilsette opplev trussel/vald	20
Aktuelle nettsteder/ kontaktadresser	21
Litteraturliste	22
Vedlegg:	23



Det viktigaste først; eg er uroleg, kva gjer eg?

Analyser uroa di

- Analyser magefølelsen! Kva seier den?
- Kva for signal har du sett/ kva har barnet fortalt? Skriv loggbok.
- Kor lenge har du vore uroleg?
- Kor ofte har du vore uroleg?



Drøft uroa (innafor reglar av taushetsplikta)

- Med ein kollega
 - Ta det opp med nærmaste leiari *
- Oppsummer og systematiser**
- Signal? Barnets tilstand? Kjennskap til familie og nettverk?



Høg bekymring/ fare for vold, overgrep, omskjæring, bortføring,...

- Ta direkte kontakt med barnevern/politi – **aldri** foreldre eller mistenkt overgriper.

Bvtj. MGBV: 612 83051
Politi MGL: 610 53210



Planlegg den nødvendige samtala med barn og foreldre

(det er ofte lurt å vere to)

- Barnet først, så foreldra, eventuelt saman (ikkje ved vold)
- Trengs det assistanse av Familieteamet?
- Ramma for samtala (dagsorden, tidsbruk, møtestad, møteleiing)
- Presenter det du ser – ikkje det du trur/ mistenkjer
- Deler foreldra di uro/ bekymring



Oppsummere samtala med kollega/ leiari

- Er eg/ vi fortsatt urolege? Har uroa auka?

Vel framgangsmåte

- A. Vi ordnar opp sjølv
- B. Vi treng hjelp – tidleg tverrfagleg vurdering
- C. Bekymringa er så alvorleg at barnevernet blir kontakta

Samarbeidspartnere i

Sør-Fron:

MGBV: 61283078/ 61283052
Familie og mestring: 61299262
MGPP: 61299071
Helsestasjon: 61299113

A. Ordne sjølv

Tiltak og oppfølging i samarbeid med barn og foreldre

B. Bistand

Vel i samarbeid med familieteamet kven som skal hjelpe. Plan for vegen vidare og ansvarsfordeling.

C. Barnevern

Meld til barnevern. Barnevern koordinerer.

1. Innleiing

Sør-Fron kommune har delteke i opplæringsprogrammet Barn i rusfamilier (BIR) gjennom KoRus Øst. BIR er eit tilbod til tilsette i barnehagar, barneskular, SFO, helsestasjon, PP-tjeneste og barnevern. Målet er å gi kunnskap om ulike teikn på problem, korleis ein kan gripe inn så tidleg som mogleg, og korleis ein best kan samtale med barn og foreldre. KoRus-Øst bidreg med opplæringsdagar, materiell til spreiing og implementering, oppfølging av ressursgruppe og årlege fagdagar.


Det er mange typar kompetansetiltak som kan bidra til å kvalitetssikre handteringen av slike saker i barnehagen og skulen. Å øve på «Den nødvendige samtala» er eit tiltak. Det kan bli drøfta ulike dilemma som kan oppstå, kollegarettleiing, rollespel, kurs/ samtale om den nødvendige samtala. Vidare er det anbefalt å utarbeide beredskapsplanar for nokre situasjonar, og la desse bli ein del av internkontrollsystemet i barnehage og skule.

Barnehagen/ skulen si handtering av bekymringar er av stor nytte, og det er viktig at barnehagane/ skulane har kompetanse i dette arbeidet. Hovudfokus er å ta vare på barnet. Samtidig kan barnehagen/ skulen bidra til å leie foreldra/ føresette til nødvendig hjelp frå ulike instansar i Sør-Fron kommune. Å bidra til at familien får riktig hjelp, er like viktig som å melde ein sak. Barnehagen/ skulen si rolle vidare er å medverke til at tiltak rundt barnet blir vidareført.

Målsettinga har vore å utarbeide ein lokal handlingsretteliar for barnehagane og skulane i Sør-Fron, der det er sett fokus på korleis gå frå bekymring til handling, og korleis få til dette i praksis. Handlingsretteliaren er eit verktøy som skal bidra til å gjere det tryggare for dei tilsette i barnehage og skule å gripe inn, og å kunne gjere dei riktige tinga i riktig rekkefølge.

Denne handlingsretteliaren må sjåast i samanheng med:

- «Handlingsplan for vold i nære relasjoner»
- «Handlingsplan for tverrfaglig samarbeid rundt barn i risiko»



2. Bekymring og mistanke om omsorgssvikt

Det er relevant å drøfte kva som ligg i omgrepa bekymring og omsorgssvikt. Det er anbefalt å ta utgangspunkt i lovverk og anna litteratur om tema og drøfte desse i personalgruppa.

Ved bekymring og mistanke om omsorgssvikt er det viktig å skrive ned observasjonar og analysere dei. Dokumentasjon er avgjerande som grunnlag og konkret bevis på eit seinare tidspunkt. Det er anbefalt å føre logg/ dagbok.

Til dømes:

«Kvífor er eg bekymra?» Analyser bekymringa.

Er ho basert på observasjonar av barnet og samspelet med foreldre/ føresette?

Er det andre ting som påverka observasjonane? (sladder)

Dei signala som blir observert hos barnet og foreldre/ føresette, og samspelet mellom barnet og foreldre/ føresette er viktig. Ein må vera bevisst på kva ein ser etter.

Symptoma som åleine , eller saman med fleir kan føre til bekymring er:

- Blåmerke eller sår av ukjent opphav
- Aggressiv eller utagerande åtferd
- Påkledning som ikkje er i samsvar med veret
- Mykje fråvær
- Stadig manglende matpakke
- Forsinka språkutvikling
- Dårlig kontaktevne
- Mislike å bli kosa med
- Apati
- Klage på diffuse smerter i mageregion , hovud eller underlivet
- Mykje trist
- Ufrivillig vasslating eller avføring
- Ekstremt pliktoppfyllande
- Ukritisk åtferd

Hugs at det er mange signal hos barnet som kan ha andre årsaker, slik som fysisk sjukdom, sorg, nedsett funksjonsevne/ forsinka utvikling som kan skuldast andre diagnosar. Symptom og signal må sjåast i samanheng med vidare kartlegging og oppfølging av barnet og bli vurdert utifrå dette.

Be om ei samtale med leiar. Vurder etter samtala om det fortsatt er grunn til bekymring, eventuelt om det skal kartleggjast over ei lengre periode.

I lov om barnehagar, § 22 Opplysningsplikt til barnevernstenesta står det at slike opplysningar normalt skal bli gitt av styrar. I merknaden til loven står det vidare at dette er ein

saksbehandlingsregel, og at den fritek ikkje den enkelte tilsette frå opplysningsplikt/meldeplikt.

Dersom ein er bekymra for eit barn, må ein ikkje vente med å handle.



3. Frå bekymring til handling

Når det oppstår ei bekymring for eit barn, må barnehagen og skulen vurdere denne i forhold til;

- Barnet sin tilstand/ utvikling (korleis er barnet emosjonelt, sosialt, fysisk....)
- Barnet sin relasjon til andre (barn, tilsette, foreldre/ føresette)

Det må bli vurdert om barnet er i akutt fare.

Så må det bli avklart kva slags ressursar ein har for å hjelpe. Det kan vera tiltak som å flytte ein personalressurs for å kartleggja barnets situasjon nærmare. Det kan vera behov for å kontakte andre samarbeidspartnarar som barnevernstenesta, helsestasjon eller PPT.

Kva er barnets beste?

Med bakgrunn i vurderinga må ein velje vidare framgangsmåte. Under følgjer tre aktuelle handlemåtar:

Handtering i eigen verksemد

I samarbeid med foreldre/ føresette utarbeider barnehagen/ skulen tiltak og arbeider saman til det beste for barnet. Dersom foreldra/ føresette ikkje vil samarbeide, må det vurderast å gå til punkt «Bekymringa er så alvorleg at barnevernstenesta må bli kontakta» på neste side.

Til dømes:

Far fortel at barnet sine besteforeldre har alkoholproblem, at barnet har opplevd ei uheldig episode og ber barnehagen vera oppmerksame på barnet sitt behov for ei periode.

Til dømes:

Mor fortel at barnets far, som har samvær med barnet under tilsyn pga rusproblem, ikkje skal hente barnet i barnehagen. Ho spør kva slags rutinar barnehagen har for å sikre at det ikkje skjer.

Til dømes:

Mor seier at far ikkje får henta barnet i barnehagen.

Kva gjer barnehagen/ skulen?

Barnehagen/ skulen må ha kjennskap til sentrale lover og retningslinjer. Når barnehagen/ skulen får informasjon om samlivsbrot mellom foreldre/ føresette, bør barnehagen/ skulen så fort som råd invitere foreldre/ føresette til samtale, etter prosedyra som er beskrive i vedlegg 1, «Samlivsbrudd- barnehagen/ skulen si rolle og informasjonsskjema ved samlivsbrudd.»

Når barnet fortel om ulike opplevingar, er det viktig å kjenne til korleis ein samtaler med barn. Samtala må vere slik at den ikkje stengjer for barnets behov for å fortelja. Personalalet si

kompetanse om kommunikasjon er avgjerande. For tips til innhold i ei slik samtale, sjå vedlegg 2.

Eksempla over kan til dømes vera tema for drøfting i personalgruppa. Barnehagen og skulen bør ha beredskapsplan for å vera førebudd på slike situasjoner. Spørsmål til diskusjon kan til dømes vere eksempla over, sjå vedlegg 3.

Behov for tverrfaglig vurdering av barnet.

Dei tilsette er bekymra for barnet, og det blir formidla til foreldre/ føresette. Etter avtale med foreldre/ føresette blir bekymringa vidareformidla til rette instans som kan hjelpe.

Dersom foreldre/ føresette ikkje vil samarbeide, må det bli vurdert å gå til neste punkt, «Bekymringa er så alvorleg at barnevernstenesta må bli kontakta»

Til dømes:

Foreldre/ føresette mottar rehabiliteringstiltak. Det er ingen aktuell bekymring for omsorgssituasjon, men gjennom kartlegging og observasjonar viser barnet sein utvikling innafor enkelte område, og slit med konsentrasjonen.

Kva gjer barnehagen/ skulen?

Dersom barnehagen/ skulen har behov for rettleiing ut over eigen kompetanse, er det viktig å ta kontakt med Sør- Fron kommune for anonym drøfting. Det kan vere PP-tenesta, familieteam, barnevernstenesta eller helsestasjon.

Bekymringa er så alvorleg at barnevernet må bli kontakta.

Hovudregel: Når bekymringsmelding blir sendt til barnevernet, er hovudregelen at foreldre/ føresette blir informert.

Unntak: Ved mistanke om fysisk vold eller seksuelle overgrep skal meldinga bli sendt utan informasjon til foreldre/ føresette.

Meldinga skal vere skriftleg, dersom det ikkje er hastesak. Da kan den skriftlege meldinga kome i etterkant. Sjå også kapittel 6, «melding til barnevernstenesta»

Før meldinga blir sendt til barnevernet, er det anbefalt det å bruke sjekkliste, sjå vedlegg 4.

4. Den nødvendige samtala

Oppsettet for dei ulike fasane er henta frå den nødvendige samtala i «Fra bekymring til handling- en veileder om tidlig intervasjon på rusområdet», IS 1742, Helsedirektoratet.

Forarbeid

«Å bli konfrontert med at en har et rusproblem kan oppleves som stigmatiserende og belastende i en allerede vanskelig situasjon. Det er derfor viktig å ta opp bekymringen med den det gjelder på en respektfull måte. Ofte møter en benekting og avvisning, som kan gjøre det lett å overse problemet. Det er viktig å være respektfull, tillitsskapende, tålmodig og utholdende i slike saker». (Sitat frå « Frå bekymring til handling- en veileder om tidlig intervasjon på rusområdet», IS 1742, Helsedirektoratet).

Det er nødvendig å førebu samtala godt, sjå punkt «Innleiande fase». Det kan vere ubehageleg å ta opp bekymring ein har for eit barn sin omsorgssituasjon. Eit tips kan vere å øve på den nødvendige samtala på førehand, for eksempel i rollespill med kollegaer som er involvert i saken. Rettleiing og råd kan ein få av andre samarbeidspartar; for eksempel helsestasjon, barnevernstenesta, PP-tenesta, familieteam, psykolog, barne- og ungdomskonsulent, kommunalsjef eller andre.

Heftet «Den nødvendige samtalen- når samtalen handler om bekymringer for et barn- og foreldrenes bruk av alkohol», utgjeve av Kompetansesenter Rus- region sør, Borgestadklinikken 2011 (ISBN 978-82-90-35466-9) er nyttig for å øve på den nødvendige samtala. Dette heftet inneheld og ein DVD med ein konkret situasjon og case til drøfting.

Innleiande fase

Viktige avklaringar før møtet:

- Kven skal delta? Det skal alltid vere to frå personalet, til vanleg styrar og pedagogisk leiar i barnehagen, og kontaktlærer og rektor i skulen.
- Lag ei liste over viktige punkter som skal formidlast i samtala.
- Avtal kven som seier kva, kven som er møteleiar og kven som skriv referat (mal for referat, vedlegg 5). Møteleiar har ansvar for møtet; skal sørge for at partane blir involvert, at alle får tid og blir lytta til, og at alle dei planlagde punktane blir gjennomgått. Møteleiar har ansvar for oppsummering og konklusjon. Viss møteklimaet blir av ein slik karakter at det ikkje blir framdrift i saken, eller truslar blir uttalt, har møteleiar ansvar for å avbryte møtet og avtale nytt møtetidspunkt.

Ver barnets stemme

- Hugs at det skal formidlast ei bekymring, ikkje ei skulding.
- Ikkje utlever eit tillitsforhold mellom personalet og barnet, ver også varsam med tanke på kva som blir sagt av det barnet har sagt om sine foreldre/ føresette.
- Vær konkret og forklar nøyne grunnlaget for uroa.

- Beskriv barnets perspektiv. Fortel om korleis barnet fungerer i barnehagen/ skulen og korleis situasjonar opplevast for barnet. Få foreldre/ føresette til å fortelje om heimesituasjonen. Inviter til refleksjon saman med foreldre/ føresette.
- Ver konkret og forklar grundig kvifor dykk er bekymra. «Hald hovudet kaldt og hjertet varmt!»

Eksempel:

Viss dykk har opplysningar knytt til foreldra/ føresette sin bruk av rusmidlar eller mangelfull omsorg, forsøk å beskrive dette i barnets perspektiv, ikkje som ein karakteristikk av foreldre/ føresette. For eksempel kan ein seie at barnet blir lei seg når det manglar nødvendig utstyr til uteleiken, eller når andre barn påpeiker skitne klede og seier at det luktar vondt av barnet.

Gje plass til foreldra/ føresette sitt perspektiv

- Hald fokus på det som er førebudd, hensikta er å hjelpe barnet.
- La foreldra/ føresette kome med sine synspunkt, om det er noko dykk kjenner igjen, og gje rom for å reflektere over det som blir sagt. Det er viktig at begge foreldra/ føresette sine opplevelingar, tankar og perspektiv kjem fram.
- Ta imot foreldra/ føresette sine reaksjonar, ikkje press dei eller gå i «argumentasjonsfella».

Avtale om vidare oppfølging

- Kva er barnehagen/ skulen og foreldre/ føresette sitt ansvar? Bekreft og støtt foreldra sitt initiativ.
Avtal kva foreldra/ føresette skal gjere.
Avtal kva barnehagen/ skulen skal gjere.
- Avklar om det skal bli henta inn ekstern støtte i kommunen, (familieteam, helhestasjonen, PP-tenesta, barnevern eller liknande) (Sjå vedlegg 8 om førespurnad til familieteam)
- Utarbeid ein tiltaksplan, sjå vedlegg 6.


Oppsummering

- Kom fram til ei felles forståing av kva som var innhaldet i møtet, og konklusjonar.

Etter samtala

- Skriv ferdig og signer referatet og tiltaksplan, alle partar.
- Avtal vidare framdrift; eventuelle behov for ekstern hjelp og rettleiing.
- Evaluering av møtet. Vart målet med møtet nådd?
- Barnehagen/ skulen sin leiar har ansvar for å informere nærmeste overordna leiar.
Hugs reglane om teieplikt.

Det er forventa at alle som arbeider i barnehage og skule kjenner til aktuelt lovverk. Lov om barnehagar §20 Teieplikt, og Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa § 15-1, bruk av Forvaltingslova. Både barnehage og skule bør ha ein plan som tek vare på desse lovane. Planen bør avklare kven som må vite kva i ulike saker. Det er viktig å hugse på personvern og at familiane skal skjermast.



5. Foreldre/ føresette med rusproblem

Foreldre/ føresette sine rusproblem påverkar barnets kvardag. Fokuset skal vere barnet si utvikling uavhengig av foreldra/ føresette sine problem. Forståing for foreldra/ føresette sine problem må ikkje hindre at ei bekymring for barnet si utvikling blir følgd opp. Dei tilsette kjenner barnet godt, og den tiltrua barnet har til personalet må behaldast. Sjå side 4, det viktigaste først; eg er uroleg, kva gjer eg?


Tilsette i skule/ barnehage har god kompetanse i å samtale med barn. I foreldresamtalene kan det bli gitt rettleiing i korleis ulike situasjonar oppfattast i barnet sitt perspektiv. Det er viktig å reflektere saman med foreldre/ føresette, slik at det ikkje verkar moraliserande. Hugs at foreldre/ føresette er ekspertar på eigne barn.

Det er viktig at det blir oppretta samarbeid mellom aktuelle instansar i saken. Råd og rettleiing om rusmiddelproblematikk kan bl.a. søkjast hos følgjande instansar i Sør-Fron kommune:

- Familieteamet
- Psykisk helse
- Psykolog
- Barnevernstenesta
- Kriseteamet

Aktuelle telefonnummer finn de på heimesida til kommunen, eller ved å kontakte kommunen sitt servicetorg på telefonnummer 61 29 90 00.

Familien sin fastlege kan også vere ein samarbeidspart i enkeltsaker, for eksempel i ansvarsgrupper og samarbeidsgrupper.



6. Melding til barnevernstenesta

Personalet i barnehagen og skulen har meldeplikt til barnevernstenesta. Meldeplikta trer i kraft dersom det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen eller at det eksisterer andre formar for alvorleg omsorgssvikt. Meldeplikta trer også i kraft dersom eit barn har hatt langvarige åtferdsvanskar, eller når det er grunn til å tru at det er fare for utnytting av eit barn til menneskehandel. Meldeplikta er personleg, det betyr at du sjølv er ansvarleg for at det blir sendt bekymringsmelding til barnevernstenesta. Overordna skal vere orientert om bekymringa og skrive under meldinga saman med meldar. Dersom ei personalgruppe er ueinige i om det skal bli sendt melding til barnevernstenesta er ein personleg ansvarleg for å melde, sjølv om andre ikkje er einige. Det er da viktig at begge synspunkt kjem fram i bekymringsmeldinga.

Barnehagar og skuler skal informere foreldra om meldinga før den blir sendt, bortsett frå om det er mistanke om seksuelle overgrep eller vald. Barnehagen og skulen må ha det som eit mål å informere foreldra på ein slik måte at foreldra blir motiverte for hjelp, men ein skal vere klar på kva som gjer ein bekymra. Barnehage og skule kan og hjelpe foreldra i å søke om tiltak frå barnevernstenesta. Dette blir da registrert som ei melding i barnevernstenesta.

For de som arbeider i barnehagen står det om meldeplikta i Lov om barnehagar §22, mens for skulen er det Opplæringslova § 15-3 som gjeld. Som tilsett i barnehage og skule er ein ikkje ansvarleg for å undersøkje om forholda er sanne, det er barnevernstenesta si oppgåve. Det er ikkje straffbart å ta feil om si bekymring.

Barnehage og skule er ansvarlege for å fortsette å melde om bekymring til barnevernstenesta når dei er gjentakande bekymra for eit barn, sjølv om bekymringa er den same som i tidlegare meldingar.

Dersom ein er usikker på om ein sak skal bli meldt til barnevernstenesta, bruk «bekymringspyramiden», sjå side 4. Gjennom anonyme drøftingar med barnevernstenesta eller familieteam kan ein få råd om korleis ein bør gå fram før ein eventuelt melder til barnevernstenesta.

Barnehage- og skulepersonell har ikkje meldeplikt om forhold som dei observerer på fritida. Skillet mellom rolle på fritid og jobb kan ofte vere vanskeleg, men dersom ein i kraft av si stilling i det offentlege får opplysningar som gjer ein bekymra er ein meldepliktig. Alle har og eit moralsk ansvar for å melde frå ved alvorleg bekymring, sjølv om det gjeld forhold som ein blir kjent med på fritida.

Når barnevernstenesta mottek ei bekymringsmelding skal den behandlast innan ei veke. Om det blir starta undersøking skal den gjennomførast innan tre månader, i særskilde tilfelle kan barnevernstenesta utvide denne til seks månader.

Barnehage og skule som melder si bekymring til barnevernet har rett på tilbakemelding om meldinga fører til undersøking eller blir henlagt, og om det blir sett i gang tiltak etter at barnevernet er ferdig med si undersøking.

Meldingar som går på akutte forhold, slik som at foreldre er rusa ved levering/ henting av barnet, kan meldast munnleg til barnevernstenesta. Det skal likevel alltid sendast skriftleg bekymringsmelding frå offentlege instansar.

Melding til barnevernstenesta kan skrivast på skjema som finns på heimesida til kommunen. Dersom ein ikkje finn meldingsskjema, ta kontakt med barnevernstenesta. Ei bekymringsmelding til barnevernstenesta bør vere så konkret som mogleg, og ein må skilje mellom faktiske hendingar og observasjonar frå eigne vurderingar. Det er viktig å ha med både egne vurderingar og konkrete hendingar/observasjonar i meldinga. Meldinga bør vere så konkret som mogleg når det gjeld tidsaspekt. Offentlege meldarar kan ikkje sende ei bekymringsmelding til barnevernet anonymt.

Dersom dei tilsette i barnehage/ skule er uroa for at barn blir utsette for vald, seksuelle overgrep eller andre straffbare handlingar utført av sine omsorgspersonar skal ikkje foreldre/ føresette bli informert. Dette for å sikre at bevis ikkje blir fjerna. Ved slike høve skal ein sende bekymringsmelding både til politiet og barnevernstenesta. Er barnehagen eller skulen usikre på om føresette skal informerast kan ein ta kontakt med barnevernstenesta for rettleiing.

Sør-Fron er eit lite lokalsamfunn der ein ofte kjenner eller har kjennskap til både foreldre og barn privat. Uavhengig av dette er ein ansvarleg for å melde frå om bekymring. Viss ein syns det er vanskeleg bør ein søkje rettleiing av nærmeste overordna og få råd om korleis ein kan handtere situasjonen. Ein bør og vurdere å ha med andre som ser meir objektivt på saken, både for å skrive bekymringsmelding og for å møte foreldre med uroa. Leier bør alltid delta i samtaler med foreldre om uro og bekymringsmeldinger. Det er viktig å skrive referat frå slike samtaler.



7. Utveksling av opplysninger og samarbeid mellom barnehage og barnevernstenesta

Formidling av opplysninger

Formidling av opplysninger mellom barnehage/ skule og barnevernstenesta skal som hovedregel skje etter samtykke fra foreldra med heimel i lov om barnehagar §20 og lov om barnevernstenester §6.4., sjå vedlegg 9 Samtykkeskjema. Vidare er følgjande heimlar sentrale:

Forvaltningsloven

§ 13, 1. ledd, pkt. 1 (taushetsplikt)

«Enhver som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan, plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han i forbindelse med tjenesten eller arbeidet får vite om: noens personlige forhold.»

Det er likevel gitt heimel for å gi nødvendige opplysninger utan samtykke frå foreldre/føresette.

«§13b, nr 2 og 5 (begrensninger av taushetsplikten ut fra private eller offentlige interesser).

Tauhetsplikt etter § 13 er ikke til hinder for:

2. at opplysingene brukes for å oppnå det formål de er gitt eller innhentet for, bl.a. kan brukes i forbindelse med saksforberedelse, avgjørelse, gjennomføring av avgjørelsen, oppfølging og kontroll,

5. at forvaltningsorganet gir andre forvaltningsorganer opplysninger om en persons forbindelse med organet og om avgjørelser som er truffet og ellers slike opplysninger som det er nødvendig å gi for å fremme av - giverorganets oppgaver etter lov, instruks eller oppnevningsgrunnlag.»

Lov om barneverntjenester

«§ 6-4. Innhenting av opplysninger, 1. og 2. ledd

Opplysninger skal så langt som mulig innhentes i samarbeid med den saken gjelder eller slik at vedkommende har kjennskap til innhenting.

Offentlige myndigheter skal av eget tiltak, uten hinder av taushetsplikt, gi opplysninger til kommunens barneverntjeneste når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. §§ 4-10, 4-11 og 4-12, eller når et barn har vist vedvarende alvorlige atferdsvansker, jf. § 4-24. Like med offentlige myndigheter regnes organisasjoner og private som utfører oppgaver for stat, fylkeskommune eller kommune. Også etter pålegg fra de organer som er ansvarlige for gjennomføringen av loven plikter offentlige myndigheter å gi slike opplysninger. Etter pålegg fra disse organer plikter offentlige myndigheter i forbindelse med sak som fylkesnemnda skal avgjøre etter §§ 4-19, 4-20 og 4-21, også å gi de opplysninger som er nødvendige for å kunne vurdere om en flytting tilbake til foreldrene, eller samvær med dem, vil kunne føre til en situasjon eller risiko for barnet som nevnt i §§ 4-10, 4-11 eller 4-12.»

«§ 6-7. Tauhetsplikt, 1. ledd

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan, en institusjon, et senter for foreldre og barn eller et omsorgssenter for mindreårige etter denne loven, har taushetsplikt etter forvaltningsloven §§ 13 til 13 e. Overtredelse straffes etter straffe - loven § 121.

Tauhetsplikten gjelder også fødested, fødselsdato, personnummer, statsborgerforhold, sivilstand, yrke, bopel og arbeidssted. Opplysning om en klients oppholdssted kan likevel gis når det er klart at det ikke vil skade tilliten til barneverntjenesten, institusjonen eller senteret for foreldre og barn å gi slik opplysning.

Opplysninger til andre forvaltningsorganer, jf. forvaltningsloven § 13 b nr. 5 og 6, kan bare gis når dette er nødvendig for å fremme barneverntjenestens, institusjonens, senteret for foreldre og barns eller omsorgssenteret for mindreåriges oppgaver, eller for å forebygge vesentlig fare for liv eller alvorlig skade for noens helse. Også yrkesutøvere i medhold av helsepersonelloven kan gis opp lysninger etter denne bestemmelsen. Uten hinder av taushetsplikt skal barneverntjenesten av eget tiltak gi opplysninger til sosialtjenesten når det er grunn til å tro at en gravid kvinne misbruker rusmidler på en slik måte at det er overveiende sannsynlig at barnet vil bli født med skade, jf. sosialtjenesteloven § 6-2 a. Også etter pålegg fra de organer som er ansvarlige for gjennomføringen av sosialtjenesteloven, plikter barneverntjenesten å gi slike opplysninger.

Dersom et barns interesser tilsier det, kan fylkesmannen eller departementet bestemme at opplysninger skal være undergitt taushetsplikt, selv om foreldrene har samtykket i at de gjøres kjent.»

«§ 6-7a. Tilbakemelding til melder

Barneverntjenesten skal gi den som har sendt melding til barneverntjenesten, jf. § 4-2, tilbakemelding. Tilbakemeldingen skal sendes innen tre uker etter at meldingen ble mottatt. Tilbakemelding kan unnlates i tilfeller der meldingen er åpenbart grunnløs, eller der andre særlige hensyn taler mot å gi tilbakemelding.

Tilbakemeldingen skal bekrefte at meldingen er mottatt. Dersom meldingen kommer fra melder som omfattes av § 6-4 annet og tredje ledd, skal tilbakemeldingen også opplyse om hvorvidt det er åpnet undersøkelsessak etter § 4-3. Dersom det er åpnet undersøkelsessak, skal barneverntjenesten gi melder som omfattes av § 6-4 annet og tredje ledd, ny tilbakemelding om at undersøkelsen er gjennomført. Den nye tilbakemeldingen skal sendes innen tre uker etter at undersøkelsen er gjennomført og skal inneholde opplysninger om hvorvidt saken er henlagt, eller om barneverntjenesten følger opp saken videre. Når barneverntjenesten skal iverksette eller har iverksatt tiltak som det er nødvendig at melder som omfattes av § 6-4 annet og tredje ledd får kjennskap til av hensyn til sin videre oppfølging av barnet, kan barneverntjenesten gi melder tilbakemelding om tiltakene.»

§ 6-7a er meint å fremme eit godt og funksjonelt samarbeid mellom barnevernstenesta og andre tenester. Dette gjeld særleg dei tenestene som følgjer opp barnet og familien i det daglege, jf. rettleiaren «Til barnets beste – samarbeid mellom barnehagen og barneverntjenesten». Barnevernstenesta skal gi tilbakemelding til barnehagen om tiltak eller henlegging av melding frå barnehagen. Dersom det er nødvendig for barnehagens oppfølging av barnet, kan barnevernstenesta formidle opplysningar til barnehagen om kva

slags tiltak som er satt inn. Rundskriv Q-24/2005 «Barnevernet og taushetsplikten, opplysningsretten og opplysningsplikten» drøfter barnevernstenesta si moglegheit til å formidle opplysningar og å samarbeide med andre. For å etablere samarbeid og dialog med partane kan barnevernstenesta trekke inn og vidareformidle opplysningar til andre instansar og tenester. Det er viktig å legge avgjerande vekt på kva som er nødvendig for å fremme barnevernstenesta sine oppgåver overfor det enkelte barnet, samt for å oppnå det formålet dei er gitt eller innhenta for, jf. Lov om barnevernstenester § 6-7 tredje ledd og forvaltningslovens § 13 b nr. 2. Dersom barnehagen er i tvil om kva slags opplysningar som skal bli gitt, kan barnevernstenesta gi rettleiing. Det er alltid mogleg å be om en anonym drøfting med barnevernstenesta. I tillegg kan kommunens juristar gi råd.

Samarbeid

Samarbeid mellom barnehage/ skule og barnevernstenesta kan skje med utgangspunkt i

- rettleiing/ drøfting i anonymisert sak
- tverrfagleg samarbeid med samtykke frå foreldre/ føresette
- samarbeid under barnevernstenesta si undersøking av ei melding, eller med utgangspunkt i barnevernstenesta sin tiltaksplan.
- dialog mellom barnehage/ skule og barnevernstenesta, f.eks. gjennom faste møter.

Til dømes kan samarbeidsmøter bli gjennomført etter mal fra «Grow»:

Kva ønskjer vi å oppnå/ kva er hensikta med møtet? («Goal»)

Kva er faktisk situasjon, som har betyding for det vi ønskjer å oppnå, eller som er årsaken til møtet? («Reality»)

Kva for valmogleger har vi? («Options»)

Kva har vi til hensikt å gjøre – konklusjon? («Will»)

(Grow-modellen er ein kommunikasjonsmodell som brukast for å strukturere coachingsamtala og stille dei rette spørsmåla.)



8. Kva seier lovverket om opplysning og meldepunkt?

Det er viktig at leiaren i barnehagen og skulen er kjent med gjeldande lover og reglar. Sjå også kapittel 12 «Litteratur/ Aktuelle lover».

Lov om barnehager

§ 21. Opplysningsplikt til sosialtjenesten

«Barnehagepersonalet skal gi sosialtjenesten bistand i klientsaker. De skal i sitt arbeid være oppmerksomme på forhold som fører til tiltak fra sosialtjenestens side, og de skal av eget tiltak gi sosialtjenesten opplysninger om slike forhold. Av eget tiltak kan opplysninger bare gis etter samtykke fra klient, eller så langt opplysningene kan gis uten hinder av taushetsplikt. Opplysninger skal normalt gis av styrer.»

§ 22. Opplysningsplikt til barnevernstjenesten

«Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid være oppmerksomme på forhold som kan føre til tiltak fra barneverntjenestens side. Uten hinder av taushetsplikt skal barnehagepersonalet av eget tiltak gi opplysninger til barnevernstjenesten, når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det fore ligger andre former for alvorlig om sorgs svikt, jf. Lov om barneverntjenester § 4-10, § 4-11, § 4-12, eller når et barn har vist vedvarende alvorlige åtferdsvansker, jf. samme lov § 4-24. Også etter pålegg fra de organer som er ansvarlige for gjennomføringen av lov om barneverntjenester, plikter barnehagepersonalet å gi slike opplysninger. Opplysningene skal normalt gis av styrer.»

Lov om grunnskulen og den vidaregående opplæringa (opplæringslova)

§ 15-3. Opplysningsplikt til barnevernstenesta

«Personalet i skolar etter denne lova skal i arbeidet sitt vere på vakt overfor forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta. Utan hinder av teieplikta skal personalet av eige tiltak gi opplysningar til barnevernstenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen eller når det ligg føre andre former for alvorleg omsorgssvikt, jf. §§ 4-10 til 4-12 i lov 17. juli 1992 nr. 100 om barnevernstenester, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar, jf. § 4-24 i den same lova. Også etter pålegg frå dei organa som er ansvarlege for å gjennomføre lov 17. juli 1992 nr. 100 om barnevernstenester, skal personalet gi slike opplysningar.»

§ 15-4. Opplysningsplikta til sosialtenesta

«Personalet i skolar etter denne lova skal i klientsaker gi råd og rettleiing til sosialtenesta. Personalet skal vere på vakt overfor forhold som bør føre til tiltak frå sosialtenesta, og skal av eige tiltak gi sosialtenesta opplysningar om slike forhold. Av eige tiltak kan opplysningar berre givast med samtykke frå eleven, eventuelt frå foreldra, eller så langt opplysningane elles kan givast utan hinder av teieplikta.»

Lov om barneverntjenester

Sjå kapittel 3, frå bekymring til handling. Utveksling av opplysningar og samarbeid mellom barnehagar og barnevernstenesta, §§§ 6-4, 6-7 og 6-7a.

§§§ 4-10, 4-11, 4-12 – Alvorlig omsorgssvikt

«*Meldeplikta omfattar alvorleg omsorgssvikt, mishandling og overgrep:*

- *Foreldre som ikkje sørger for at barn med livstruande eller anna alvorleg sjukdom eller skade blir undersøkt eller kjem til behandling (§ 4-10).*
- *Foreldre som ikkje sørger for at eit funksjonshemma barn eller spesielt hjelpetrengande barn får dekka sitt særlege behov for behandling og opplæring.*
- *Dersom det er alvorlege manglar ved den daglege omsorgen som barnet får, eller alvorlege manglar i forhold til den personlege kontakt og tryggleik som barnet treng etter sin alder og utvikling.*
- *Barn som blir mishandla eller utsett for andre alvorlege overgrep i heimen.*
- *Dersom det er overveiande sannsynleg at barnets helse eller utvikling kan bli alvorleg skadd, fordi foreldra er ute av stand til å ta tilstrekkeleg ansvar for barnet.»*

Meldar skal ikkje sjølv undersøkje om barnet faktisk blir utsett for alvorleg omsorgssvikt. Det er tilstrekkeleg at det er grunn til å tru at barnet blir utsett for alvorleg omsorgssvikt, mishandling eller overgrep. Sjå vedlegg 7, Bekymringsmelding til barnevernstenesta.

9. Situasjonar som kan oppstå i barnehagen og skulen

Når rusa foreldre/føresette kjem for å hente barnet

- Ved mistanke om at den som hentar barnet er påverka, er det viktig at vi tek oss tid til å prate med vedkommande. Gjer dette så «privat» som mogleg, og skjerm barnet det gjeld. Observer vedkommande og sjå etter signal på om vedkommande er påverka (observer øye, kroppsspråk, lukt osv.).
- Ta kontakt med heimen for å høre om det er andre som kan ta ansvar for barnet. Om vi ikkje med sikkerheit kan fastslå dette, må vi vurdere om barnet skal bli halde tilbake! Hugs at det er stoppeplikt for å avverge farlege situasjonar. Å verne barnet er ei primær oppgåve for den tilsette. Samtidig må vi vurdere omsynet til dei andre barna og eigen tryggleik.
 - Dersom ein påverka person set seg i bilen med eit barn, kan de tilsette prøve å stoppe vedkommande, og skal umiddelbart melde personen til politiet. Straffelovens § 139; plikt til å melde til rette myndighet, eller sjølv avverge forholdet: «Med bøter eller fengsel inntil ett år straffes den som unnlater gjennom betimelig anmeldelse for vedkommende myndighet eller på annenmåte å søke avverget visse forbrytelser, skjønt han til en tid da forbrytelsen eller dens følger ennå kunne forebygges, har fått pålitelig kunnskap om at den er i gjære eller er forøvd.»
 - Kontakt Politiet på tlf. 112. Prøv å gi konkret informasjon om bil, kvar den kjørte, osv.

● Kontakt også Barnevernstenesta (mellanom kl. 8.00–16.00) eller Barnevernsvakta (kl. 16.00–24.00). (Se telefonnummer under prikkpunkt 4 i dette kapittelet.) Skriv ned faktisk hendingsforløp.

- Vere kjent med beredskapsplan, for å vere førebudd om ein slik situasjon oppstår.
- Dersom ein rusa forelder/ føresatt reiser i drosje saman med barnet, må den tilsette ta kontakt med heimen for å forsikre seg om at det er andre som kan ta ansvar for barnet. Det er vidare aktuelt å kontakte barnevernstenesta for å drøfte situasjonen.

- Om foreldre/føresette vel å la barnet vere att i barnehagen/ skulen, er det viktig at den tilsette kontaktar barnevernstenesta. Telefonliste med viktige telefonnummer må alltid vere lett tilgjengeleg for alle tilsette i barnehage og skule.
- Dersom det er behov, skal barnehagen/ skulen ta seg av barnet så lenge det er nødvendig.

Foreldre/føresette som ønskjer samtale med ein gong

Kvar barnehage og skule lager ei intern rutine for dette. Den tilsette må få vite kva saken gjeld. Kriterier for å imøtekome ein slik førespurnad vil avhenge av tema. Er det greit å vere aleine i samtala? Dersom det blir vurdert nødvendig å vere to til stades frå barnehagen/ skulen, må det bli avtalt tid for samtale så raskt som mogleg.

Når tilsette opplev trussel/vald

Det er uakseptabelt at tilsette blir utsett for truslar/vald. Politiet må alltid bli kontakta av den som opplev dette, eventuelt av leiari. Ein beredskapsplan er ein del av barnehagen og skulen sitt internkontrollsysteem.

I etterkant av slike situasjonar er det viktig

- Å kontakte leiari i barnehage/ skule
- Å skrive eit nøyaktig notat om hendinga med dato, klokkeslett, kva som vart sagt osv.
- Å ha ei samtale med foreldre/ føresette (som hovudregel).

Aktuelle nettsteder/ kontaktadresser

www.sor-fron.kommune.no

Vidare brukast snarvegen Barn og familie.
Her finns informasjon om barne- og familievern.
Her finnes ulike skjema og aktuelle rettleiare.

www.barnsbeste.no

Stikkord:

- Nasjonalt kompetansesenter for barn som pårørende
- Tilgang til film/presseklipp/artiklar/rapporter
- Link til www.barnsompårørende.no

www.barnevernet.no

Stikkord:

- om barnevernet, dokumenter, publikasjonar, barnevernsloven, statistikk m.m.
- Inndeling med følgjande informasjon; «Saman hjelper vi barna gjennom»:
 - førebyggje
 - melde frå
 - undersøke
 - finne viktige tiltak
 - vite meir om vegen vidare....

www.borgestadklinikken.no

Stikkord:

- Kvar kan tilsette søke råd og støtte
- Kurs, aktuelle artiklar om barn og rus

- Oversikt over rus og avhengigheitsbehandling og kompetansesenteret RUS –Region Øst.

www.vfb.no (Vaksne for barn)

- Vaksne for barn – kunnskapsorganisasjon med fokus på oppvekstvilkår og psykisk helse
- Link til www.hvemkanhjelpejesper.no et verktøy som kan brukast i barnehagen, i møte med barn med rusavhengige foreldre. Her er det vidare link til www.116111.no, gratis alarmtelefon for barn og unge. Sida gir informasjon til barn, ungdom og vaksne. Her er det linkar til vidare hjelp nedst på framsida. I tillegg kan det bestillast materiell.

www.tidligintervasjon.no

- Netteneste som bygger på rettleiaren «Frå bekymring til handling». Retter seg mot tilsette og leiare i det kommunale tenesteapparatet og andre som er i posisjon til å oppdage barn, unge og vaksne som enten sjølv har eller blir påverka negativt av andre sine rusproblem.
- En nettbasert kunnskapsbase for tidlig intervasjon.
- Gir dei ulike målgruppene verktøy og identifisering og intervenering.
- visar god praksis

Litteraturliste

Sentrale lover


- Lov om barnehager
- Lov om grunnskulen og den vidaregående opplæringa
- Lov om barnverntjenester
- Forvaltningsloven

Rundskriv/veiledere

- Opplysningsplikt til barnevernet og barnevernets adgang til å gi opplysninger, rundskriv Q- 1094.
- Barnevernet og taushetsplikten, opplysningsretten og opplysningsplikten, rundskriv Q-24/2005.
- Til barnets beste – samarbeid mellom barnehagen og barneverntjenesten, rundskriv Q-1162 B.
- Fra bekymring til handling, en veileder om tidlig intervasjon på rusområdet, Helsedirektoratet, bestillingsnummer IS-1742.
- Barn i rusfamilier – tidlig intervasjon. Hvordan komme inn for seint så tidlig som mulig? Et prosjekt i regi av Borgestad klinikken 2006/2007.

- Den nødvendige samtalen – når samtalen handler om bekymringer for et barn – og foreldrenes bruk av alkohol, Kompetansesenter Rus – region sør, Borgestad klinikken 2011 (ISBN 978-82-90-35466-9).
- Øyvind Kvello: Barn i risiko, skadelige omsorgssituasjoner.
- Elisabeth Backe-Hansen: Å sende en bekymringsmelding – eller la det være? En kartlegging av samarbeidet mellom barnehage og barnevern. NOVA notat nr. 6/2009.
- Mor/far er syk, informasjonsbrosjyre for barn av psykisk syke, rusavhengige eller somatisk syke eller skadde foreldre (barn som pårørende), hefte utgitt av Helse - direktoratet.
- Barnehagepakken fra Stine Sofie-stiftelsen (bestilling tlf. 37 29 40 90 eller post@barnerett.com):
 - Eli Rygg og Margrete Wiede Aasland: «Jeg er meg! Min meg»
 - Eli Rygg: «Jeg sa ikke kom inn»
 - Margrete Wiede Aasland: «...si det til noen...»
- Jon Gangdal: Jeg tenker nok du skjønner det sjøl. Historien om Christoffer

Biblioteket gir god hjelp til å finne litteratur om ulike temaer i barnehagen.



Vedlegg:

- Vedlegg 1: Samlivsbrudd- barnehagen og skolens rolle
- Vedlegg 2: Barnesamtalen
- Vedlegg 3: Spørsmål/tema til drøfting i personalgruppen
- Vedlegg 4: Sjekkliste før barnevernstenesta blir kontakta
- Vedlegg 5: Mal for referat
- Vedlegg 6: Mal for tiltaksplan, planlegging av samarbeidet med foreldrene
- Vedlegg 7: Bekymringsmelding til barnevernstenesta
- Vedlegg 8: Forespørsel til Familieteam i Sør-Fron kommune
- Vedlegg 9: Samtykkeskjema
- Vedlegg 10: Barnets tryggleiksplan
- Vedlegg 11: Sjå barn! Hugs barn!



Vedlegg 1: Samlivsbrot - barnehagen/skulen si rolle

Barnehagen/skulen bør så tidleg som mogleg etter mottatt informasjon om eit samlivsbrot invitere foreldra inn til samtale for å klarlegge samvereordninga for barnet, og etablere eit samarbeid i forhold til oppfølging av barnet. Det beste er at dei føresette kan kome til same samtale. Om det er vanskeleg, avtal separate samtaler. Informer da om at barnehagen/skulen har samtaler med begge. Denne samtala skal pedagogisk leiar/kontaktlærar og styrar/rektor delta på.

Barnehagen/ skulen må formidle at det ikkje blir tatt parti verken med mor eller far, men vil forhalde seg likt til begge. Barnehagen/ skulen skal ikkje bli trekt inn i eventuell konflikt mellom foreldra. Barnehagen/ skulens fokus vil heile tida vere å ta best mogleg vare på barnet, og at det derfor er nødvendig å avklare ein del spørsmål rundt samlivsbrotet.

Det er viktig for barnets tryggleik at det føreligg ei samvereavtale.

I løpet av samtala må følgjande punkt avklarast:

- Kartlegge samvereordning for barnet
- Avklare om begge føresette har foreldreansvar
- Avklare kva for informasjon, munnleg og skriftleg, den enkelte føresette skal ha frå barnehagen/ skulen. Dette gjeld også i forhold til foreldresamtaler, foreldremøter, ulike skriftlige planer.
- Avklare kva for rutinar som skal gjelde for informasjon frå dei føresette til barnehagen/skulen.
- Avklare rolla til eventuelle nye partnarar
- Avklare kven som har medbestemming om barnehageplassen/ evt sfo-plassen.

All informasjon skal være skriftleg og det blir ført loggbok på situasjonar som kan oppstå. Informasjonsskjema ved samlivsbrot fylles ut.

Vedlegg 1, side 2: INFORMASJONSSKJEMA VED SAMLIVSBRUDD

Barnets namn:	Fødselsdato:	
Mors namn og bustadsadresse:	Fars namn og bustadsadresse:	
Mors telefonnummer:	Fars telefonnummer:	
Kven bur barnet saman med?		
Mor	Far	Delt daglig omsorg
Kven har foreldreansvaret for barnet?		
Mor	Far	Begge
Kven har lov til å hente barnet? Namn – telefon – relasjon til barnet:		
<input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/>		
Samvær hos mor:		
Samvær hos far:		
Skifte av samvær:		
Informasjonsrutinar:		
Dato:	Dato:	
Mors underskrift		Fars underskrift

Gi alltid melding til barnehagen dersom det blir forandringer i forhold til adresse, telefonnummer, hvem barnet bor sammen med, eller andre opplysninger som barnehagen trenger for å ivareta barnets behov.

Vedlegg 2: Barnesamtala

Ikkje førebudd samtale – når barnet snakkar for første gong:

Slike samtaler kan oppstå i situasjoner med fleire barn til stades:

- Ver roleg og ta imot det barnet seier utan å vise eigne følelsar. Er det for vanskeleg, be ein annan tilsett som barnet har tillit til om å ta samtala.
- Sei at det er bra at barnet fortel om dette, og at dette skal vi snakke meir om. Det må leggast til rette for ei vidare samtale så raskt som mogleg; dette må prioriterast.
- Prat med nærmaste leiari for å avklare kven som skal ta den neste samtala med barnet og korleis samtala skal leggast opp.

Sjølve samtala:

Ver klar til å avslutte samtala når du eventuelt har fått nok informasjon til å overlate oppfølginga til barnevernstenesta:

- Sett av god tid til samtala, og sørge for at dykk ikkje blir forstyrra.
- Fortel barnet at det var riktig at han/ho kom til deg eller ein annan vaksen. Barn trenger å få tydelig beskjed om at det er lov å snakke om det vanskelige som har skjedd.
- Ikkje lov barnet at dette blir en hemmelegheit mellom deg og barnet. Forklar at du må si frå til andre vaksne for at barnet skal få det betre. Fortell at vi vil hjelpe, og si at loven seier vi må hjelpe (avhengig av barnets alder og muligkeit for å forstå).
- Barnet har ein rett, men ingen plikt til å fortelje. Barnet bestemmer kva og kor mykje vi får vite og når vi skal få vite. Det er viktig at vi ikkje pressar barnet.

Eksempel på ordval for den vaksne (både i ikkje-førebudd og førebudd samtale):

«...du fortalte i stad ... fortel meg meir om det ... for eg har ikkje vore der, fortel så godt du kan...»

«...fortel meg det slik at eg kan forstå det...»

«...kva skjer vidare da?...»

«...du har no fortalt meg om...»

«...eg ønskjer å snakke litt meir med deg, Per, fordi når eit barn fortel ... (gjenta det barnet har fortalt) slik du gjorde, da snakkar eg alltid med barnet etterpå. Det er bra du fortalte det du gjorde, og du skal vite er det er lov å snakke om det som har skjedd. Det er bra du sa ifrå, da skal eg prøve å hjelpe.»

- Skriv ned kva barnet seier og det du seier. Dette er viktig vidare i ein eventuell sak.
 - Still opne spørsmål. Unngå leiande og konkrete spørsmål om rus, vald og overgrep.
 - Gi barnet gode pausar – ikkje avbryt.
 - La barnet være ekspert på eigen historie og fortelje fritt ved å gjenta det barnet fortel.
- Nokre gonger kan vi prøve å oppfordre barnet til å fortelje meir.
- Bruk «fortel meir om...» og «beskriv...» når du snakkar med barn.
 - Bekrefte det barnet har sagt. Sikre at barnet blir teke på alvor. Sei at det er ingen barn som skal oppleve det du har opplevd.
 - Dersom barnet formidlar skyld, er det viktig å halde fokus på at barnet gjorde det beste det kunne i situasjonen.

Avslutning av samtala:

- Forsikre barnet om at du skal følgje opp saken. Er det mogleg så fortel når du skal prate med mor/ far.
- Formidle til barnet at det alltid kan kome og snakke med deg når han/ho treng det.
- Følg rutinar for eventuell kontakt/ melding til barnevernstenesta.

Vedlegg 3: Spørsmål/tema til drøfting i personalgruppa

1. Har vår barnehage/ skulen rutinar for å varsle om rus, vald og overgrep?

- Kjenner alle desse rutinane?
- Kor ofte bør rutinane bli gjennomgått?
- Er rutinane nedfelt i ein beredskapsplan?

2. Kva er rutinane for å melde frå om rus, vald og overgrep?

- I forhold til bekymring?
- I forhold til akutte tilfelle?

3. Kva for ressursar (personalmessige) er tilgjengelege i slike situasjonar? Kva trengs for at det skal kjennast trygt å seie frå?

4. Skaper vi moglegheiter for barn til å snakke om ting dei tykkjer er vanskeleg?

5. Korleis kan vi bidra til at det er trygt miljø hos oss for å drøfte bekymringar om rus, vald og overgrep?

6. Korleis kan vi sikre at alle tilsette og vikarar alltid er oppdatert og kjenner rutinane?

7. Har du forslag til korleis rutinane kan bli betre?

8. Evaluering

- Var denne drøftinga nyttig for oss?
- Vart det avdekka punkt det er behov for å følgje opp vidare?

Vedlegg 4: Sjekkliste før barnevernstenesta blir kontakta

Nokre oppgåver må gjerast i barnehagen/ skulen før ein tek skriftleg kontakt med eksterne tenester som barnevernstenesta, helsestasjon, PP-tenesta.

Bruk denne sjekklisten for å sikre at oppgåvene er gjort:

- Har du notert ned observasjonar så nøytrale og konkrete som mogleg, med dato og underskrift?
- Har du tatt opp bekymringa med nærmeste leiar?
- Er det utarbeida beredskapsplanar i barnehagen/ skulen om problematikken?
- Har du hatt samtale med foreldra og skrive referat med underskrift av alle som deltok på møtet?
- Er det utarbeida forslag med tiltak saman med foreldra, underskrive av alle partar?
- Har du drøfta bekymringa anonymt med barnevernstenesta, helsestasjon eller PP-tenesta?
- Har du skrive ned dei signala du meiner er bekymringsfulle hos barnet?
- Har du skrive ned dei signala du meiner er bekymringsfulle hos foreldra?
- Har du skrive ned dei signala du meiner er bekymringsfulle i samspel mellom foreldre og barn?

Ved mistanke/ kunnskap om:

Fysisk mishandling

Seksuelle misbruk

Andre straffbare forhold

Skal barnevernstenesta avgjera vidare saksgang, evt. i samarbeid med politiet. Det skal i etterkant sendast ei skriftleg melding.

Vedlegg 5: Mal for referat

Møtestad:	Dato:
Møte:	
Til stades i møte:	
Sak:	Følgast opp av/ innspel frå:
Underskrift- av alle deltagare på møtet:	

Vedlegg 6: Mal for tiltaksplan, planlegging av samarbeidet med foreldra

Spørsmål å samarbeide rundt:	Ansvar:	Tidsfrist:
Uroa rundt barnet skyldast:		
Kva ønskje er det til endring for barnet eller situasjonen til barnet:		
Kva skal barnehagen/skulen gjere:		
Kva skal foreldra/føresette gjere:		
Neste møte mellom barnehage/skule og foreldra/føresette:		

Kva skal vere oppnådd innan neste møte:		
Er det avtalt å kontakte ekstern støtte (familieteam, barnevernsteneste, PPT, helsestasjon)		

Dato: _____

Underskrift foreldre/føresette:

_____ (mor)

_____ (far)

Underskrift frå barnehage/skule:
(deltakarane på møtet)

Vedlegg 7. Bekymringsmelding til barnevernstenesta

UNNTATT OFFENTLIGHET

jfr.off.loven §5A
jfr.Barnvernloven §6-7

BEKYMRINGSMELDING TIL BARNEVERNSTENESTA Etter Lov om barneverntjenester § 6-4.

Barnets namn:	
Fødselsnummer:	
Adresse:	
Mors namn:	
Telefon:	
Fars namn:	
Telefon:	
Barnet bur hos:	

ÅRSAK TIL BEKYMRINGA: (Informasjonen bør vere så konkret som mogleg, det er viktig å skilje på faktiske forhold og eigne vurderinger. Bruk gjerne eige ark for meir utfyllande opplysningar. Ta kontakt med barnevernstenesta ved behov for bistand):

Bekymring knytt til barnets utvikling:

(Beskriv barnet, gi eksempel, skriv eventuelt eigne vurderinger til slutt)

Bekymring knytt til samspel barn/ foreldre:

(Beskriv samspel, kva ser du konkret, gi eksempel, skriv eventuelt eigne vurderinger til slutt)

Bekymring knytt til oppfølginga frå foreldre:
(Beskriv og gi eksempel)

Spesielle vanskar hos foreldra: (eks. rus, psykiske vanskar, nyleg samlivsbrot)

Bekymring knytt til andre forhold:
(Beskriv og gi eksempel)

Føresette sin reaksjon på at det blir meldt til barnevernstenesta, og eventuelt deira syn på bekymringa:

(Beskriv)

KONTAKT MED FAMILIEN:

For privat melder (eks. familiemedlemmer, naboor)

Form for kontakt med/ tilknyting til familien:

For offentlege instansar (eks. BUP, skule, barnehage, vaksenpsykiatri)

Grunn til henvisninga:

Tiltak som pågår:

Varighet og omfang av tiltaket:

Effekt av noverande tiltak:

OPPLYSNINGAR OM EVT. TIDLEGARE TILTAK I FAMILIEN:

Tiltak som er iverksett med god effekt:

Tiltak som er iverksett med lita eller ingen effekt:

Tiltak som er tilbydd, men ikkje tatt i mot:

OFFENTLEG MELDER:	PRIVAT MELDER:	ANONYM MELDER:		
ER FØRESETTE/ BARN OVER 15 ÅR KJENT MED MELDINGA?		JA	NEI	

Det er ein føresetnad at offentleg melder informerer foreldre/ føresette om meldinga på forhand (gjeld ikkje fysiske/sekuelle overgrep).

MELDER SI UNDERSKRIFT:

ADRESSE:



Vedlegg 8. Førespurnad til Familieteam i Sør-Fron kommune

Barnets navn:F.dato:

Adresse:

Bur saman med

Mor :Tlf:

Far:Tlf:

E-post-adresse:

Kort beskriving av behov:

Kva er vanskeleg:

Kva ønskjer familien hjelp til:

Kva trur du/ de familieteamet kan hjelpe familien med:

.....
Stad/dato

.....
Førespurnad sendt frå

.....
Signatur



Vedlegg 9. Samtykkeskjema

Hensikta med samtykke er å sikre at tiltak og bistand som er vurdert igangsett i forhold til vårt/ mitt barn/ vår familie i best mogleg grad blir samordna. Samtykke omfattar alle teiepliktige opplysningar som er relevant for å sikre ei slik samordning.

Eg/ vi..... samtykkjer i at Sør- Fron kommune
v/..... kan innhente, få, gi og bruke opplysningar
omkring min/ vår situasjon.

Samtykke omfattar også oppheving av teieplikta når det gjeld opplysningar om
..... (barnets namn)
.....(født) som eg/ vi er foreldre/ verje for.

Samtykket gjeld følgande personar/ instansar:

- Familieteam (helsesøster, psykolog, barnevernskonsulent og
barne- og ungdomskonsulent)
- Skule
- Barnehage.....
- Helsestasjon
- Psykisk helse.....
- Fysioterapeut.....
- Konsulent for funksjonshemma.....
- Hjelpemiddelkonsulent.....
- Midt-Gudbrandsdal Pedagogisk- Psykologisk rådgjevingsteneste
- Midt-Gudbrandsdal Barnevernskontor

Samtykkeskjema for.....
(barnets navn)

- Psykolog/DPS
- Sykehus/BUP
- Politi
- Tannklinikk
- NAV.....
- Andre
- Andre
- Andre

Samtykket gjeld frå (dato) til

Samtykket betyr at teieplikta blir oppheva begge veger i forhold til alle instansar som er kryssa av.

Eg/vi er informert om og har forstått kva gitt samtykke inneber.

Eg/vi erklærer at samtykket er frivillig.

.....
Stad/dato

.....
Signatur

.....
Stad/dato

.....
Signatur

Vedlegg 10. BARNETS TRYGGLEIKSPLAN

Ved kjent psykisk liding eller rusproblem hos forelder skal det føreligge ein plan for korleis barnet/barna skal bli ivaretatt ved eventuell forverring av psykisk helse, eventuelt innlegging. Barnet skal delta i utviklinga av planen, og barnets ønskjer skal bli vektlagt. Alle barn mellom 0-18 år skal ha ein slik plan.

Dato: _____ Teneste/avdeling: _____

Skrive av:



Barnets namn og fødselsnummer:	Adresse og kontaktopplysningar:
Foreldras namn og fødselsnummer:	Adresse og kontaktopplysningar:
Barnehage/skule:	Kontaktpersoner og opplysningar:
Kvar/til kven kan barnet ta kontakt med ved bekymring for mor/far/anna omsorgsperson eller for seg sjølv?	
Kven informerer barna om foreldras tilstand?	
Kven tek seg av barna i ein akutt situasjon?	
Kvar kan barna bu ved ein eventuell innlegging?	
Kven er barnets kontaktperson under innlegging?	
Andre ting som er viktige for å trygge og ivareta barnet?	
Telefonliste:	



Vedlegg 11.

SJÅ BARN!

HUGS BARN!

Kartlegging av barn med foreldre som har rusproblem og/eller psykisk liding. Fyll ut saman med forelder eller føresett.

Dato: Teneste/avdeling:

Skjema fylt ut av:

Forelders/brukarens namn og fødselsnummer:	Belastning/problem og ressurs/beskyttelse:
Sivilstand Talet på barn	
Den andre forelders namn Fødselsdato Adresse Telefon	Belastning/problem og ressurs/beskyttelse:
Barnets/barnas namn Fødselsdato Adresse Telefon	Belastning/problem og ressurs/beskyttelse:
Kven bur barnet/barna fast hos? •Foreldreansvar •Samværsordning (timer, dagar)	
Viktige vaksne rundt barnet/barna. Kvar er barnet/ barna på dagtid? •Fungering i skule/barnehage, etc	

Kven kjenner barnet seg trygg saman med?	
Har barnet/barna fått informasjon om din situasjon/din sjukdom? •På kva måte trur du det er best å informere barnet/barna og evt. andre om sjukdommen?	
Korleis påverkar din tilstand/sjukdom kvardagslivet og forholdet til ditt/dine barn?	
Andre belastningar eller risikoforhold rundt barnet/barna?	
Kva er du bekymra for når det gjeld barnet/barnas situasjon og utvikling?	
Har barnet/barna kontakt med nokon i hjelpeapparatet? •Viss ja, kven? •Er det behov for andre kontaktar?	
Er det andre opplysningar i forhold til barnet/familien du meiner vi bør vite om?	
Moment til Barnets tryggleiksplan	

